



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 12.06.2015
Vår ref.: 2014/19994-4
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 14/4312 – 14/18129

Fråsegn etter arkeologisk registrering - tilkomstveg til nytt våningshus - Vatne gnr 170 bnr 4 - Lindås kommune

Viser til brev datert 14.08.2014 med nemnde sak til uttale. I brev av 12.12.2014 varsla Hordaland fylkeskommune ei arkeologisk registrering.

Den arkeologiske registreringa vart utført 08.06.2015. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Rapport frå den arkeologiske registreringa vert ettersendt tiltakshavar.

Hordaland fylkeskommune minner om at det like ved omsøkte tilkomstveg ligg eit automatisk freda kulturminne, ein bautasteinslokalitet (Askeladden id. 55192). Vi ber tiltakshavar om å ta omsyn til denne under gjennomføring av tiltaket. Per i dag er det ein stoppe for straum eller telefon inne på den automatisk freda lokaliteten. Stolpen har ei svært skjønmande plassering. Vi føreset at denne ikkje skal nyttast til framføring av straum eller telefon til nytt hus, då dette vil medføre ytterlegare skjønning og fare for skade på det automatisk freda kulturminnet. Vi ber vidare om at plan for vatn og avløp til nytt hus blir lagt fram for Hordaland fylkeskommune når dette føreligg. Området rundt det automatisk freda kulturminnet må elles haldast ryddig.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.